

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 16. september 2021
	Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Ingeborg ved Anders

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, , Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (3.vara), Arne Drønen (4.vara)

Forfall: Nils Dale Elde, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Dag Kjetil Lægreid (2.vara)

SAKLISTE

2021/40- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent. Samråystes.

2021/41- 012 Godkjenning av møtereferat fra sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samråystes.

Orientering fra AU om saker vedteke på fullmakt

Sak 2021/39 – Søknad om permisjon

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2021/42- 217 Politiattest for frivillige medarbeidrarar

Trusopplæringsutvalet har bede Stord (og Nysæter) sokneråd om å setta rutinar for innhenting av politiattest på sakskartet. Trusopplæringsutvalet ser eit behov for:

1. Vedtak om rutinar for innhenting av politiattest frå frivillige medarbeidrarar i Stord og Nysæter kyrkjelyd som ikkje gjer rom for tolking.
2. Konkrete retningslinjer og rutinar for korleis innhenting av politiattest skal føregå, inkl ansvarlig, framdriftsplan, innfasing og gjennomføring.

Relevant utgreiing utarbeidd av KA på tema:

https://www.ka.no/_service/300851/download/id/326539/name/Forslag-retningslinjer-politiattest.pdf

Vedtak:

Med heimel i trussamfunnslova §20 vedtek Stord sokneråd at medarbeidrarar som skal utføre oppgåver eller inneha tillitsverv der dei vil ha omsorg for eller oppgåver knytt til mindreårige eller personar med utviklingshemming skal leggja fram politiattest som nemnt i politiregisterlova §39 første ledd (barneomsorgsattest).

Kravet gjeld medarbeidrarar over 15 år som utfører slike oppgåver:

- Regelmessig (3 gonger eller meir per semester), og/eller
- I samband med tiltak som inneber overnatting

Frivillige organisasjoner som ivaretak oppgåver på vegne av Stord sokneråd skal ha etablert forsvarleg ordning for innhenting av politiattest i organisasjonens eigen regi.

Hovudregelen er at ei anmerkning på barneomsorgsattesten medfører at personen blir ansett som uaktuell for arbeid med born og unge eller personar med utviklingshemming inntil merknadane opphøyrer.

Soknerådet spør Ingeborg (evt Kirsti) om å samarbeide med administrasjonen om å utarbeide eit forslag til konkrete retningslinjer og rutinar for korleis innhenting av politiattest skal føregå, inkl ansvarleg, framdriftsplan, innfasing og gjennomføring. Dette leggjast fram i neste soknerådsmøte.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Samrøystes

2021/43- 130 Årsrekneskap 2020

Årsrekneskapen for 2020 er avlagd og revidert og viser eit driftsunderskot/meirforbruk på kr 13 713. Revisor har påpeikt enkelte forhald som administrasjonen vil utbetra, og påpeiker og at årsrekneskapen ikkje vart avlagd innan utløpet av lovens frist (1.april). Revisjonsmeldinga er datert 10.august 2021.

Administrasjonen har orientert om at det er etablert betra rutinar for rekneskapsføringa saman med kommunen no i 2021, og det er avtala eit oppfølgjande møte med soknerådsleiar i september/oktober for å gå gjennom dei nye rutinane.

Vedtak:

Stord sokneråd tek revisjonsmeldinga frå KPMG til vitande og godkjenner rekneskapen for 2020. Driftsunderskotet for 2020 vert teke frå ubunde fond.

Samrøystes

2021/44- 150 Særskild tilskot til frivillig innsats i sokna

Kulturdepartementet har innvilga eit ekstraordinært tilskot på kr 18 millioner til Kyrkjearådet med bakgrunn i Covid-19 situasjonen, som eit middel for å «støtte opp under frivillighetspolitiske mål om bred deltagelse og mangfold og avhjelpe organisasjoner med frivillig innsats gjennom den pågående covid-19- krisen gjennom å stimulere til aktivitet innenfor rammene av smittevernrestriksjoner gitt av offentlige myndigheter som følge av covid-19». Midlane vert fordelt til alle landets kyrkjelege fellesråd. Stord Kyrkjelege Fellesråd har motteke kr [xxx] i tilskot og har bede sokneråda og dei tilsette om innspel til kva pengane kan nyttast til. Midlane skal nyttast i den frivillige delen av verksemda, og ikkje til ordinære driftsoppgåver.

Vedtak:

Vi har ikkje fått pengar likevel. Men vi kan tenke kva vi treng pengar til, så kan vi søkje Kyrkjearådet om dette om det blir mogeleg.

Stord sokneråd ber utvala ha dette med i førebuinga av budsjett for 2022.

Samrøystes

2021/45- 317 Søknad om offer til Bjørgvin si vennskapskyrkje på Cuba

Stord sokneråd har motteke brev frå biskopen som ber sokna i Bjørgvin om å gje eit kyrkjeoffer til vennskapskyrkja i Cuba anten i haust eller i første halvår 2022.

Vedtak:

Soknerådet ber gudstenesteutvalet ta dette med i planlegginga for offerføremål våren 2022.

Samrøystes

2021/46- 362 Misjonsprosjekt

Det er behov for ei oppdatering rundt misjonsprosjektet og status
(Oppfølging av sak 2020/50).

Vedtak:

Stord sokneråd ber diakoniutvalet (v/Signe og Dagfinn) innhenta oppdatert informasjon om misjonsprosjektet og leggje det fram på neste soknerådmøte. Samrøystes

2021/47- 046 Informasjonsarbeid og mediebruk i Stord Kyrkje

AU legg opp til ein samtale i soknerådet om informasjonsarbeid (i kyrkjelyden) i og utanfor gudstenestene, herunder bruk av prosjektor/skjermar, nettside og andre kanalar.
Kva ønskjer me å informere om? Korleis heng informasjon i ulike kanalar saman?
Informasjons- og mediagruppe?

Moment frå samtaLEN i soknerådet:

Kvar finn du informasjon om det som skjer i kyrkjelyden?

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Facebook? Heimesida? Instagram? Avis? anna?

Heimesida har tittel «Stord kyrkjelege fellesråd» - dette virker vanskeleg. «Kyrkja på Stord» betre namn.

*Informasjons mediegruppe for å lage det som kan rulle og gå før og etter gudstenesta.
(Nokon har sett informasjonsskjermane i Nysæter kyrkje)*

Må ha eigen datamaskin i kyrkja.

Avisa må brukast til å minne folk om kva som skjer i nærmeste framtid.

Vedtak:

Soknerådet oppnemner Egil, Dagfinn og Anders til å ta tak i dette. Samrøystes

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest

Konfirmasjonsavslutning/oppstart med Thor Haavik

Samanrislingstur til Solgry med nye konfirmantar

Konfirmasjonar (songinnslag)

Bibelreisen Per Hjemdal

Dåp, vi har døypt ca 50 personar sidan mai. I går fire søskener.

Gudstenester på heimane.

Besök p av både diakon og prest.

Diakon opparbeidet godt samarbeid med institusjonane

Diakon har og blitt invitert inn i samarbeid med IDA(sjukehuset)

2. Innspel frå utvala

- a. Inkl. status frå utvala på Arbeid med frivillig teneste i kyrkja (jfr Sak 2021/37)

b. Diakoniutvalet

informasjon frå IKF om språkkafe, bibelgrupper, tur, matlaging og leksehjelp mm.

Open kyrkje i Stord 30.sept og 7. november, allehelgensdag.

Samling for besøkarar,

Gudstenestelig samling for menneske med psykisk utviklingshemming. Sæbø gård.

Plan for rekruttering av frivillig teneste.

Spørsmål, korleis kan ein melde ynskje om besök?

Etter skuletid i Nysæter i full gang

- c. TOL har gjennomgått rettleiaren frå gudstenesteutvalet for den frivillige tenesta under trusopplæring.

"Her og der" starta opp siste måndag i august, og skal vera siste måndag i månaden.

Kjekk oppstart, med ein fin flokk unge.

Kyrkjeskulesamarbeidet her har Trusopplæringa gjort eit godt arbeid, og det vart godt tatt imot på skulen.

"Etter skuletid" i full gang, fint arbeid med ivrige flinke frivillige.

Innspel om KRIK kan koblast meir opp mot TOL?

- d. Kyrkjelivsutvalet, vi har starta opp med temakvelder med Per Hjemdal i kyrkja.

Kobla opp mot kyrkjestova. No på laurdag er det laurdagsgraut, 13-14.30.

Ynskje om å opne Fredheim også på kvardagar.

Ynskje også om å lage noko for yngre vaksne.

- e. Gudstenesteutval må ha møte i september.

f. Døgnet skal gjennomførast 7. og 8. januar.

3. Orientering frå Fellesrådet, gjekk ut sidan Dag var borte.

4. Status påmelding til samlingar 21.sept og 21.oktober.

Stord sokneråd har godt oppmøte på møte om kyrkjeleg organisering 21. september.

Prostidagen 21. okt, ok.

5. Godkjenning av ny ordning for gudstenesta i Stord sokn – tilbakemelding frå biskop

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vi tek tilbakemeldinga til etterretning og gudstenesteutvalet følgjer opp vidare.

6. Endringar i møteplan for hausten 2021:
 - a. Soknerådsmøte 19.oktober vert flytta til **onsdag 29.september kl 20**
 - b. Ekstra samling felles for Stord og Nysæter sokneråd + tilsette med felles drøfting rundt høyringssaka om ny kyrkjeleg organisering.
Samlinga vert **onsdag 20.oktober kl 18** i Nysæter kyrkje.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd 16.jun

- **Skriv og referat – sendt ut tidlegare**

2. Informasjonsmøte om kyrkjeleg organisering 21.sept
3. Prostidag 21.okt
4. Særskilt tilskudd til frivillig innsats i menigheter
5. Referat Diakoniutval 16.aug
6. Idemyldring-ungdomsarbeid 3.jun

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Olav J. Oma
referent
sign